



SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE

Evaluering av gjeldande planar og strategiar

Vedlegg til

Regional planstrategi for Sogn og Fjordane 2016-2020



1. Innleiing

Dokumentet er ei evaluering av vedtekne regionale planar, gjeldande fylkeskommunale strategiar og regionale planar under arbeid. Evalueringa er vedlegg til ny *Regional planstrategi 2016-2020*.

Ein planstrategi skal både gje ei retning for fylket og definere fylkeskommunen si rolle i samfunnsutviklinga. Dette kan illustrerast slik:



Evalueringa skal bl.a. svare på dei nasjonale forventningane frå regjeringa der første del handlar om gode og effektive planprosessar. Andre del handlar om planlegging for berekraftig areal- og samfunnsutvikling generelt. Tredje del handlar om planlegging for attraktive og klimavennlege by- og tettstadsområde spesielt peikar Regjeringa på vesentlege utfordringar for Sogn og Fjordane og fleire av problemstillingane er med i vurderingane både knytt til utfordringar, til å utforme målbilete for framtida og i vurderinga av behovet for nye planar. Fylkeskommunen har allereie planar som dekker opp deler av desse forventningane. Samtidig ser vi at om det skal vere mogleg å følgje opp dei til dels store forventningane vil det krevje mykje av både fylkeskommunen og regionale aktør.

2. Samla evaluering av planar og strategiar

Namn på gjeldande plan	Tilråding
<u>Regional plan for folkehelse 2015-2025</u>	Planen vert vurdert for revidering i 2019, handlingsprogrammet vert foreslått rullert i 2017.
<u>Fylkesdelplan for klima og miljø</u>	Planen reviderast, med oppstart av planprogram i 2016 og slutthandlesamning innan utgangen av 2018.
<u>Fylkesdelplan for arealbruk</u>	Planen vert oppheva når «Regional plan for arealbruk» er vedteken. Planarbeid gjennomførast i 2018- 2020.
<u>Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014-2025</u>	Verdiskapingsplanen vert vidareført i perioden for gjeldande plan og revidert i 2018.
<u>Fylkesdelplan for landbruk i Sogn og Fjordane</u>	Planen vert ikkje fornya og landbruk inngår i verdiskapingsplanen som ei prioritert bransjesatsing.
<u>Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017</u>	Planen vert vurdert for revidering i 2019, handlingsprogrammet vert foreslått rullert i 2017.
<u>Regional transportplan 2014-2023</u>	Regional transportplan reviderast i 2016-2017 og bør gielde for perioden 2018-2027.
<u>Regional plan for vindkraft</u>	Planen vert ikkje revidert i perioden.

<u>Regional plan for vasskraft</u>	Planen vert ikkje revidert i perioden.
<u>Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal - Gjengedal</u>	Planen vert gjennomgått i 2016 for å avdekkje behovet for oppdatering eller revidering. I fall planen bør reviderast, bør dette gjennomførast i 2017-2018.
<u>Regional plan for Nordfjella</u>	Planen vert ikkje revidert i perioden.
<u>Regional plan for Ottadalsområdene</u>	Planen vart vedteke i fylkestinget 19.04.2016. Planen vert ikkje revidert i planperioden.
<u>Regional plan for vassforvalting 2015-2021</u>	Planen reviderast i samsvar overordna føringar, med oppstart av nytt planprogram i 2016 og planlagt slutthandsaming i 2021.
Namn på gjeldande strategi	Tilråding
<u>Kulturstrategi 2015-2018</u>	For å avstemme planverktøyet til ein ev. større Vestlandsregion skal ein i planperioden utarbeide ein Regional plan for kultur 2018-2019.
<u>Strategisk plan for bibliotekutvikling 2011-2014</u>	Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014 bør oppdaterast og innarbeidast i Regional plan for kultur.
<u>Skulebruksplan for vidaregående opplæring i 2013-2024</u>	Ut frå nye utfordringar for fylkeskommunen i Sfj2019 og behovet for å vurderer planane for vidaregående opplæring som ein del av samfunnsplanlegginga i regionen, gjennomførast det i 2016 ei tværfagleg vurdering.

3.1 Regional plan for folkehelse 2015-2025

Vedtak

Planen vart vedteken av fylkestinget 16.06.2015.

Visjon

«Saman for god helse og trivsel»

Godt folkehelsearbeid er ein grunnleggande del av kvaliteten i samfunnsutviklinga. Det handlar om å sikre best mogeleg livskvalitet og levekår for innbyggjarane våre.

Hovudmål

1. Fremje trivsel, deltaking og meistring som, saman med gode levekår, gjev god helse og livskvalitet for innbyggjarane i Sogn og Fjordane.
2. Få folkehelse inn i alle politikkområde for å skape helsefremmende lokalsamfunn, jamne ut sosiale helseskilnadar, sikre berekraft, føre-var tenking og medverknad («helse i alt vi gjer»).
3. Utvikle gode system og rutinar for å førebygge sjukdom, skade eller liding.
4. Utvikle gode system for utvikling og bruk av kunnskap om helse og førebyggande faktorar i samfunnet.

Vurdering

Planen er både svært relevant og oppdatert, og må nyttast som eit strategisk styringsverktøy for dei ulike avdelingane i fylkeskommunen og i høve arbeidet og ansvaret fylkeskommunen har med å samordne arbeidet med levekår og livskvalitet, både i høve kommunane og regional stat. Hovudfokus for folkehelsearbeidet bør i planperioden vere levekår og livskvalitet, meir enn det tradisjonelle førebyggande arbeidet med helseperspektiv.

Utviklinga av levekår og livskvalitet i fylket bør følgjast nøye i åra som kjem, og difor bør handlingsprogrammet rullerast i planperioden. Kunnskapsgrunnlaget for planstrategien avdekkar mogeleg samanfall av negativ utvikling av levekåra generelt i fylket, samansett av utfordringar med: aukande eldre befolkning, underskott av ungdom og kvinner, noko aukande arbeidsløyse, stor migrasjon, dårligare communal og fylkeskommunal økonomi (og dermed redusert tenestetilbod), det vil seie at vi får større grupper som er svakare stilt, medan det offentlege får mindre ressursar til desse veksande gruppene.

Tilråding

Planen vert vurdert for revidering i 2019, handlingsprogrammet vert foreslått rullert i 2017.

3.2 Fylkesdelplan for klima og miljø

Vedtak

Planen vart vedteken av fylkestinget 24.03.2009. Revidert handlingsprogram 2016-2017 vart vedteken av fylkestinget 08.12.2015.

Gjennom eit omfattande planarbeidet har fylkeskommunen lagt vekt på å få fram ein samla og forpliktande klimapolitikk for fylket. Fylkesdelplanen skal hjelpe og støtte regionale styresmakter og kommunane i deira klimaarbeid.

Føremålet med planarbeidet har mellom anna vore å freiste finne ut kva konsekvensar klimapolitikken til Regjeringa og Stortinget har for dette fylket. Vidare vurdere korleis fylket på ein mest mogleg effektiv måte kan medverke til at Noreg når sine klimapolitiske mål. Dessutan har formålet vore å lage ein politikk og utforme tiltak for å avgrense skadeverknadane av eit framtidig endra klima i Sogn og Fjordane.

Reduksjon av klimagassutslepp

Gjeld tiltak for å redusere utslepp av klimagassar (jf. Kyoto-avtalen) og førebygging gjennom endring av produksjon, forbruk og samfunnsinstitusjonar som bidreg til utslepp.

Overordna mål: Sogn og Fjordane fylke skal ta sin del for å nå dei nasjonale måla om å bli klimagassnøytral i 2030

Tilpassing til klimaendringar

Overordna mål : Sogn og Fjordane skal vere best mogleg budd på klimaendringane og ikkje byggje ny sårbarheit inn i samfunnet.

Vurdering

Den 12. desember 2015 signerte 195 land ein global klimaavtale i Paris. Retninga i den nye klimaavtalen er klar; verda må raskt bevege seg mot nullutsleppssamfunnet og til dette kravst det ei klimaomstilling, som krev ei noko meir enn klimatilpassingar og utsleppsreduksjonar, også lokalt.

Handlingsprogrammet tek høgde for Paris-avtalen og det er eit omfattande tverrfagleg arbeid som må gjennomførast for å oppfylle handlingsprogrammet. Fylkeskommunen kan både jobbe på strategisk nivå i høve kommunane, regional stat, næringsliv og lag og organisasjonar og fylkeskommunen sjølv må gjennomføre tiltaka i eigen organisasjon. For å fange opp ny kunnskap og møte dei store utfordringane på området bør også planen reviderast.

Tilråding

Planen reviderast, med oppstart av planprogram i 2016 og slutthandsaming innan utgangen av 2018.

3.3 Fylkesdelplan for arealbruk

Vedtak

Planen vart vedteken av fylkestinget 18.10.2000.

Det står ikkje nok i dokumentet om eit samla overordna mål. I staden kjem dei overordna måla inn under skildring av dei enkelte fagtema. Kvart fagtema har sentrale underkapittel som «Overordna mål» og «Retningslinjer». Status- og analysedokumentet tek føre seg arealbruken i eit vidt omfang. Gjennom mål, status og retningslinjer har vi konkretisert og sett fokus på dei viktigaste problemstillingane som fylkesdelplanen for arealbruk skal konsentrere seg om. Dette har vi gjort ved å peike på prioriterte utfordringar for den perioden planen skal gjelde. Vi har følgjande 3 prioriterte utfordringar; arealmangel, arealbrukskonfliktar og infrastruktur/vegsamband.

Vurdering

Plandokumentet tek ikkje høgde for dei mange og vesentlege endringane i plan- og bygningslov, naturmangfaldslov, andre lovendringar og nye forskrifter, nasjonale rammer og føringar m.m. knytt til arealbruksspørsmål dei siste 16 åra.

Fleire av dei seinare vedtekne regionale planane går inn på områder/tema som også fylkesdelplan for arealbruk tek for seg (vasskraft, vindkraft, klima, vassforvaltning m.m.) Delar av plandokumentet vert ikkje nytta i dag og rullering av del av planen er sett i gang, for å analysere og utforme reglar for kjøpesenteretablering.

Fleire av våre nabofylker, bl.a. Oppland, Møre og Romsdal og Hordaland arbeider med fylkesdelplanar for senterstruktur, tetsadsutvikling m.m. Regjeringa har sett i gang eit arbeid med stortingsmelding om bærekraftige byar og sterke distrikt som ser ut til også å ta for seg nokre av utfordringane med arealbruk også i distrikta.

I kunnskapsgrunnlaget for regional planstrategi er eit hovudspørsmål korleis fylket ynskjer å utvikle seg, og då om det er regionforstørring i Sunnfjord og Sogndals-området som bør satsast på for å motverke sentraliseringa og utflyttinga frå fylket. Vi må også legge planar for utvikling av tettstader og regionsentra generelt og også ha ein strategi for å auke mogelegheitene for utvikling og busetnad i grendene. For å stette trøngan for heilskapleg arealplanlegging kan ein ny regional plan for arealbruk utarbeidast etter at ein strategi for tettstadsutvikling og senterstruktur er utarbeida.

Tilråding

Planen vert oppheva når «Regional plan for arealbruk» er vedteken. Planarbeid gjennomførast i 2018-2020.

3.4 Verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane 2014 - 2025

Vedtak

Planen vart vedteken av fylkestinget 11.06.2014.

Overordna mål

Planen er forankra i overordna mål om folketalsutvikling. Hovudmålet partnarskapen arbeider ut frå er formulert slik: *500 nye arbeidsplassar kvart år.*

Vekst i tal arbeidsplassar heng nøyne saman med det overordna målet om auke i folketalet Årleg arbeidsplassvekst har vore 100 i året i perioden 2000-2012.

Prognosane for folketalsutviklinga fram mot 2025 tyder på at tal sysselsette vil vere uendra. Ein arbeidsplassvekst på netto 100 i året krev 500 nyskapte arbeidsplassar for å kompensere for dei som går bort. Måloppnåing føreset at fylket får større del av dei ekspansive tenesteytande næringane.

Ein industristrategi vart vedteken i Fylkestinget 13/10 2015. Oppfølginga vert integrert i årsplanane for verdiskapingsplanen.

Bransjesatsingane skal gi grunnlag for utvikling av arbeidsplassar der vi har naturgjevne føremoner. Prioriterte bransjar er sjømatnæringane, landbruk, reiseliv, fornybar energi og olje og gass

Nyskapingskapitlet er uttrykk for at vi må evne å støtte opp under gode initiativ som kjem (også utanom satsingane)

Satsinga kunnskap handlar om å betre tilgangen på kunnskap som innsatsfaktor. Ei side ved dette er utvikling av kunnskapsintensive tenesteytande næringar.

Vurdering

Verdiskapingsplanen er framleis relevant, oppdatert og treng ikkje grundig revisjon. 2015 er første år med aktiv iverksetting. Satsinga landbruk vert fasa inn i verdiskapingsplanen i 2016. Det er naturleg at planen vert gjennomgått i lys av dei måla som vert vedtekne for fylket i ny planstrategi. På dette stadiet i arbeidet vurderer vi det slik at ei slik justering og ei evaluering av heile planen bør kunne takast først som del av årsplanlegginga for 2017 og deretter ved planlagt revisjon i 2018.

Eit mogeleg unnatak som bør vurderast er ei samordning av satsinga på fornybar energi i verdiskapingsplanen og handlingsplanen for å følgje opp klima- og miljøplanen. Eit viktig mål å få aktiv medverknad frå aktørane i energibransjen.

[Industristrategien](#) er integrert i verdiskapingsplanen og vert revidert som del av denne.

I verdiskapingsplanen (avsnitt 6.5) er det formulert eit avsnitt «Kva skal kommande generasjonar leve av?». Dette gir partnarskapen og politisk styringsgruppe eit høve til å formulere ein langsiktig kunnskapsstrategi og vurdere tilslutting til europeisk metodikk kalla «smart spesialisering»

Tilråding

Verdiskapingsplanen vert vidareført i perioden for gjeldande plan og revidert i 2018.

3.5 Fylkesdelplan for landbruk

Vedtak

Planen vart vedteken av fylkestinget 10.12.2002.

Hovudmål

Livskraftige bygder i heile Sogn og Fjordane.

Delmål

- Halde på fylket sin relative del av matproduksjonen i Norge
- Vedlikehalde og fornye kulturlandskapet
- Auke næringsmessig utnytting i skog og utmark
- Styrke økonomien for bygdenæringane

Vurdering

Planarbeid pr desember 2015:

Planen vert ikkje fornya. Landbruk inngår i verdiskapingsplanen som ei prioritert bransjesatsing. Fylkesmannen, v/Landbruksavdelinga har levert framlegg til høyringsutkast.

Verdiskapingsplanen m/ handlingsplan og industristrategi finn du på www.verdiskapingsplanen.no

Tilråding

Planen vert ikkje fornya og landbruk inngår i verdiskapingsplanen som ei prioritert bransjesatsing.

3.6 Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017

Vedtak

Planen er vedteken av fylkestinget 11.12.2013.

Visjon

Det er viktig at så mange som mogeleg har ei positiv oppleving av eige liv og helse. Regionen vår har behov for at flest mogeleg bidreg i samfunnsutviklinga, og at færrest mogeleg treng hjelp for å meistre kvardagen. Fysisk aktivitet bidreg til dette og gjev auka livskvalitet.

Visjonen for denne planen er: «Fysisk aktivitet for alle»

Vurdering

Planen er oppdatert med rullering av planen som er gjennomført i år 2 – dvs. hausten 2015 og planperioden er forlenga, dvs. 2016 - 2019.

Fleire av nabofylka våre som t.d Hordland har eigen plan, men denne har ikkje eit så detaljert handlingsprogram som det som vi legg opp til. I Møre og Romsdal er planane på dette feltet del av ein større plan for kultur.

Planen har relevans og kan gjennomførast dei neste fire åra. Planen får gode tilbakemelding på tydelege mål i vedteken plan. Fysisk aktivitet vert sett i eit større perspektiv som inkluderer folkehelse, skule og helse. Kommunane nyttar FIF (denne regionale planen) som mal ved revisjon av eigne planar.

Tilråding

Planen vert vurdert for revidering i 2019, handlingsprogrammet vert foreslått rullert i 2017.

3.7 Regional transportplan 2014-2023

Vedtak

Planen vart vedteken av fylkestinget i desember 2013.

RTP skal vere ein langsiktig strategiplan for transportsektoren i Sogn og Fjordane.

Planen

Innafor gitte økonomiske rammer vil Sogn og Fjordane fylkeskommune prioritere bruken av midlar i planperioden til:

1. Lovpålagde oppgaver og kontraktfesta bindingar
2. Vedlikehald av fylkesvegnettet
3. Mindre investeringstiltak
4. Utvida kollektivtilbod
5. Utgreiingsarbeid
6. Store investeringsprosjekt

Handlingsprogrammet

1. Det er trygt og enkelt å ferdast på vegen
2. Det er utvikla robuste bu-, arbeids- og serviceområde. (BAS)
3. Fleire reiser kollektivt
4. Det er tilrettelagt for aktiv transport

Vurdering

Planen er ikkje oppdatert. Vi har fått nokre føringa m.a. nye vegnormalar på enkelte område, nye forskrifter. Er gjennomført ei funksjonsdeling av fylkesvegnettet som no skal leggast til grunn for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Funksjonsinndelinga må inn i planen. Fylkestinget vedtok plan for rehabilitering av tunnelar i desember 2015. Denne planen med prioriteringar må inn i RTP.

Vi er i ferd med å gjennomføre ei større utgreiing på Kystvegen gjennom fylket, som eit av fleire grunnlagsdokument for revisjon av RTP. I tillegg må alle andre utgreiingar reviderast/oppdaterast. Stortingen har innført ei ferjeavløysingsordning med eit perspektiv på 40 år. Vi har fleire aktuelle prosjekt som må vurderast, eventuelt avklarast gjennom revisjon av RTP.

Analysedokumentet er relevant, men treng ei oppdatering. Fylkestinget vedtok RTP desember 2013. Det går fram av planen at den skal reviderast kvart 4. år. Planen må reviderast, både analyse og utfordringsdelen og handlingsprogrammet. Gjeldande RTP gjeld for perioden 2014 - 23, handlingsprogrammet gjeld for perioden 2014-17. Analyse- og utfordringsdokumentet må oppdaterast. Innhold og temaval må vurderast og det må utarbeidast nytt handlingsprogram. RTP er vårt viktigaste styringsdokument i høve dei årlege budsjetta. Fylkesutvalet vedtok oppstart på revisjon av RTP i møte den 27. januar 2016.

Tilråding

Regional transportplan reviderast i 2016-2017 og skal gjelde for perioden 2018-2027.

3.8 Regional plan for vindkraft

Vedtak

Planen vart vedteken av fylkestinget 08.06.2011

Overordna mål

Planarbeidet bør legge til rette for at Sogn og Fjordane kan bli eit pilotfylke i arbeidet med å auke produksjon av energi ved å utnytte vindkraft.

Operative mål

Kartlegge resursar og avklare arealbruk for produksjon av vindkraft i fylke. Vidare er målet å kartlegge potensiale og utfordringar for ulike næringsinteresser.
Samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i mulege utbyggingsområde, for deretter å fastsette retningslinjer som sikrar at desse verdiane vert teke tilfredsstillande omsyn til, ved handsaming av konsesjonssøknader.
Dei retningslinene vi fastset skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vindkraftutbygging, slik som tap av naturmangfold, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.

Vurdering

Det har sidan vedtak av planen vore få konsesjonssaker som er handsama. Bl.a. kraftprisen dei siste 2-3 åra ser ut til å verka sterkt inn på varsla planar si framdrift, men det ligg også ulike lokale vurderingar til grunn for at planar og søknader er lagt på is eller har svak framdrift. Det ligg ikkje føre lovendringar, statlege føringar eller endringar i regionale rammevilkår som initierer revisjon av planen. Planen bør vidareførast som eit styringsverktøy dei neste 4 åra.

Tilråding

Planen reviderast ikkje i planperioden.

3.9 Regional plan for vasskraft

Vedtak

Planen vart vedteken av fylkestinget 11.12.2012.

Målet med planarbeidet er å samle kunnskap om viktige regionale og nasjonale verdiar i mulege utbyggingsområde, for deretter å fastsette retningslinjer som sikrar at desse verdiane vert teke omsyn til, ved handsaming av utbyggingstiltak etter vassdragslovjevinga og plan og bygningslova.

Planarbeidet skal også på eit overordna nivå synleggjere dei positive verknadene av vasskraftutbygging. Aktuelle retningslinjer skal medverke til å minimalisere uheldige konsekvensar av vasskraftkraftutbygging, slik som tap av naturmangfald, friluftsområde, kulturminne og landskapsverdiar.

Vurdering

Planen har vorte lagt til grunn for handsaminga av utbyggingstiltak etter vassdragslovjevinga og etter plan- og bygningslova. Det ligg ikkje føre lovendringar, statlege føringar eller endringar i regionale rammevilkår som initierer revisjon av planen. Planen bør vidareførast som eit styringsverktøy dei neste 4 åra.

I 2016 og dei neste åra vil det kunne kome mange utbyggingssaker om småkraftverk, sidan utbyggjarane tilpassar seg regelverket knytt til Grøne sertifikat. Og det kan også komme opprustings- og utvidingsprosjekt knytt til større utbyggingar.

Tilråding

Planen reviderast ikkje i planperioden.

3.10 Felles verneplan og fylkesdelplan for Naustdal - Gjengedal - Stølsdalen i Naustdal - Gjengedal

Vedtak

Planen vart vedteken i fylkestinget 13.12.2000.

Overordna målsetjingar for planarbeidet.

- Greie ut og så langt som mogleg avklare tilhøvet mellom vern, kraftutbygging og andre brukarinteresser, og dra opp grensa for verneområde og kva lov som skal gjelde.
- Fastleggje målsetjingar, strategiar og verkemiddel innafor forvaltning av areala i planområdet, og bidra til å styrke næringsutvikling og busetnad i bygdene rundt det aktuelle området
- Ha ein ryddig prosess med stor grad av medverknad frå kommunane, grunneigarane og andre med interesse i planarbeidet.

Vurdering

Planen er ikkje oppdatert i høve [vernevedtak](#) (kgl.res) med forskrifter for Naustdal-Gjengedal landskapsvernombordet av 19.januar 2009. Planen er relevant i høve forvaltning av randsona kring landskapsvernombordet, men kunne vore harmonisert med formuleringar m.m. i vernevedtaket. Det er oppretta eit eige verneområdestyre for landskapsvernombordet, kommunane har teke over forvaltinga og fekk også eit fond på 10 millionar kroner i 2009. Fondet vert forvalta av kommunane i fellesskap.

I 2015 og så langt i 2016 har fylkeskommunen ikkje hatt høve til å prioritere arbeidet innan området då Plan- og samfunnssavdelinga har hatt 1-2 vakante stillingar på naturbruk, friluftsliv og plan. Fylkeskommunen bør etter omorganiseringa 1. april 2016 sette av ressursar til ein gjennomgang av behovet for oppdatering.

Tilråding

Planen vert gjennomgått i 2016 for å avdekke behovet for oppdatering eller revidering. I fall planen bør reviderast, bør dette gjennomførast i 2017-2018.

3.11 Regional plan for Nordfjella

Vedtak

Planen vart vedteken i fylkestinget 11.06 2014.

Planene skal fastsette ei langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern for dei aktuelle Fjellområda med influensområde. Dei vil vere retningsgjevande for kommunal planlegging og gje føringar for statleg og fylkeskommunal sektorplanlegging.

Planen vil vere eit ledd i oppfølging av regjeringa sin samla politikk for fjellområda.

- sikre villreinen tilstrekkelege leveområde og langsiktig gode livsvilkår
- bidra til gode muligheter for næringsutvikling basert på naturressurser og bygdeutvikling i lokalsamfunna rundt Nordfjella
- legge til rette for allment friluftsliv

Vurdering

Planen vart vedteke i 2014 og er eit samarbeid mellom Hordaland, Buskerud og Sogn og Fjordane fylkeskommune. Handlingsprogrammet er enno ikkje kome til handsaming.

Planen er relevant i høve dei måla som er sett og det er ingen nye nasjonale eller regionale føringar eller vedtak som krev revisjon av planen.

Tilråding

Planen vert ikkje revidert i perioden.

3.12 Regional plan for Ottadalsområde

Vedtak

Planen leggast fram til slutthandsaming i fylkestinget 19.04.2016.

Sidan store delar av området allereie er verna etter naturmangfaldlova, er det avgrensa kor store konsekvensar opprettinga av det nasjonale villreinområdet og retningslinene til dette vil ha for den menneskelege verksemda i desse områda, sidan verneforskriftene fortsatt vil gå framfor den regionale planen. I tillegg er det oppretta randsoner som skal vere med å sikre at menneskeleg aktivitet på grensa til det nasjonale villreinområdet ikkje vil påverke villreinen indirekte i negativ retning.

- Villreinstamma sikrast tilstrekkelege leveområde og langsiktig gode livsvilkår.
- Lokalsamfunna skal sikrast reelle mogleigheter for nærings- og bygdeutvikling.
- Sikre ei konsekvent handsaming av planforslag innafor planområdet.
- Leggje til rette for auka samarbeid og forvalting på tvers av fylkes- og kommunegrenser. Etablere ei kunnskapsbasert, differensiert forvalting der ein tek omsyn til villreinen sin nomadiske bruk av fjellet .
- Planen skal leggje til rette for friluftsliv og auka kunnskap og kompetanse om natur- og kulturverdiar.

Vurdering

Planen er utarbeid i samarbeid med fylkeskommunen i Oppland og Møre og Romsdal. Planen har vore på 3. gongs høyring hausten 2015 og ventast framlagt for slutthandsaming i 1. halvår 2016. Det er ikkje nye eller endra rammevilkår på nasjonalt eller regionalt nivå som gjer at fylket bør ta initiativ til revisjon dei nærmaste åra. Fylkeskommunen og fylkesmannen bør samhandle for å nå måla i planen, både knytt til kompetanse og forvaltning.

Tilråding

Planen vart vedteke i fylkestinget 19.04.2016. Planen vert ikkje revidert i planperioden.

3.13 Regional plan for vassforvaltning 2016-2021

Vedtak

Planen vart vedteken av fylkestinget 10.12.2015.

Mål

Formålet med planen er å gi ei oversiktleg framstilling av korleis vassmiljøet og vassressursane i vassregionen er ønskt forvalta i eit langsigktig perspektiv. Vassforvaltningsplanen fastsett miljømål for elver, bekkar, innsjørar, grunnvatn og kystvatn. Miljømåla skal på ein heilskapleg og best mogleg måte verne om vassførekomstane og sikre ei berekraftig bruk av dei. Tiltaksprogrammet omtaler aktuelle tiltakstypar som skal til for å nå miljømåla.

Planen er sektorovergripande og skal medverke til å styre og samordne vassforvaltning og arealbruk på tvers av kommune- og fylkesgrenser. Kommunar, regionale organ og statlege etatar er gjennom planen forplikta til å legge miljømåla til grunn for si planlegging og verksemd. Vi føreset at staten legg vassforvaltingsplanen til grunn for det vidare arbeidet med vassforvalting og at statlege styresmakter gir ei samordna framstilling av prioriteringar og ambisjonsnivå for statlege sektorar/departement ved oppfølging av planen

Vurdering

Planen med tilhøyrande Handlingsprogram for Sogn og Fjordane vassregiongjeld for 2016-2018 og Regionalt tiltaksprogram for Sogn og Fjordane vassregion 2016 - 2021. Planen er sendt til godkjenning til Klima- og Miljødepartementet og er venta godkjent våren 2016. Tiltak i planen skal vere operative innan utgongen av 2018 og miljømålet nådd innan 2021, ev. seinare om det er gitt utsett frist for gjennomføring. Handlingsprogrammet vert revidert årleg om ikkje anna vert bestemt.

Planen og tiltaksprogrammet skal rullerast kvart 6. år jf. vassforskrifta. Planen og Tiltaksprogrammet vert revidert i planperioden 2016-2021. Revidert plan skal gjennomførast i perioden 2022-2027. I følgje vassforskrifta og føringar fra Miljødirektoratet skal arbeidet med planprogram startast i 2016 for planperioden 2022-2027. Planen er relevant og oppdatert, og vil bli revidert i samsvar med nasjonale føringar for arbeidet.

Tilråding

Planen reviderast i samsvar overordna føringar, med oppstart av nytt planprogram i 2016 og planlagt slutthandsaming i 2021.

4. Fylkeskommunale strategiar

4.1 Kulturstrategi 2015 - 2018

Vedtak

Strategien vart vedteken av fylkestinget 25.11.2014.

Visjon

Kulturaktivitet og kulturoppleving gir oss eit rikare liv og bygger identiteten vår!

Sogn og Fjordane fylkeskommune har fire kulturpolitiske mål i perioden 2015-2018.

- Kultur har ein eigenverdi.
- Kulturlivet i Sogn og Fjordane bidreg til at folketalet aukar gjennom at fleire vel Sogn og Fjordane som bustad fordi dei bur i gode lokalsamfunn.
- Kulturlivet i Sogn og Fjordane er berekraftig gjennom eit variert kulturtildelning og godt drivne organisasjoner.
- Sogn og Fjordane fylkeskommune bidreg til kulturutvikling lokalt, regionalt og nasjonalt og fremjar fylket sine interesser.

Tre satsingsområder: Frivillig sektor, kulturarv, kunst og kultur

Fire gjennomgåande tema som skal gjennomsyre alt arbeid som vert gjort:

- Born og unge er morgondagens samfunnsbyggjarar
- Den kulturelle grunnmuren gir tilgang til deltaking og oppleving
- Nynorsk skriftspråk er eit fullgodt bruksspråk på alle samfunnsområde
- Kulturtildelning skal vere tilgjengelege for alle

Vurdering

Strategien er utarbeidd etter føringane i plan- og bygningslova med brukarmedverknad, informasjon og høyringar. Handlingsprogram 2015 vert no revidert. Nytt handlingsprogram for 2016 vart vedteke i HNK 02.02.16. Det er ikkje behov for oppdatering av strategien så lenge ein har eit oppdatert handlingsprogram. Som strategi er ein eit godt styringsverktøy for fylkeskommunen. Samanlikna med Hordaland og Rogaland er vi samstemte i prioriteringar, utfordringar og tiltak.

Både Hordaland og Rogaland fylkeskommunar har nye regionale kulturplanar med handlingsprogram. Møre og Romsdal fylkeskommune har ein fylkesplan med 4 satsingsområde, der ein av dei er kultur, som er følgje opp i eit årleg handlingsprogram for kultur.

For rolla som regional samfunnsutviklar er det ein føremón å utarbeide ein regional plan for kultur som styrer prioriteringar og samarbeidet mellom aktørane i fylket. Dersom kommunereforma fører til at Sogn og Fjordane vert ein del av ein større Vestlandsregion vil styringa av kulturfeltet i Sogn og Fjordane vere likeverdig dei andre aktørane sitt styringsverktøy gjennom ein regional plan.

Tilråding

For å avstemme planverktøyet til ein ev. større Vestlandsregion skal ein i planperioden utarbeide ein Regional plan for kultur i 2018-2019.

4.2 Strategisk plan for bibliotekutvikling 2011-2014

Vedtak

Strategien vart vedteken av fylkestinget 14.12.2010.

Visjon

Biblioteket - møteplass for kunnskap, kultur og vekst.

Målområde 1: Struktur og organisering

Innbyggjarane skal oppleve ein samhandlande biblioteksektor på tvers av forvaltningsnivå.

Målområde 2: Kompetanse

Brukarane av biblioteka skal møte tilsette med brei og oppdatert kompetanse. Personælet skal yte god sørvis.

Målområde 3: Innhold og tenester

Biblioteka i Sogn og Fjordane skal vere lågterskeltilbod med gode sosiale møtestadar, aktive formidlarar, legge til rette for kultur- og kunstoppleving og gi fri tilgang til kunnskap og informasjon.

Vurdering

Fylkesbiblioteket reknar framleis planen som gjeldande og førande for arbeidet med utviklinga av biblioteka i fylket, men endra rammevilkår frå sentralt hald og lokale og regionale forhold gjer at det er behov for å oppdatere han. Vi legg vekt på biblioteka si rolle som møteplass og formidlings- og debattarena

Kulturutredningen 2014 (NOU 2013:4) sa at folkebiblioteka har vore systematisk nedprioriterte i høve til andre kulturtilbod det siste tiåret og tok til orde for auka satsing på bl.a. folkebiblioteka. Nasjonal bibliotekstrategi 2015-2018 legg vekt på at biblioteka i endå større grad enn tidlegare må satse på digitalisering, og behovet for å styrke biblioteket som formidlingsarena og møteplass. Nasjonalt program for skulebibliotekutvikling 2009-2013 samla erfaringar som må nyttast i vidareutvikling av skulebiblioteka.

Dei siste åra er både bokbussen og bokbåten nedlagde i fylket. Fylkesbiblioteket fokuserer no i endå sterkare grad på utviklingsarbeid. Kurs- og konferansetilbodet tek utgangspunkt i resultata frå kompetansekartlegginga som er gjennomført. Vi er i ferd med å få på plass politisk vedtekne avtalar om biblioteksamarbeid i alle regionane i Sogn og Fjordane. Dei siste åra er det etablert felles transportordning, e-boktilbod og lesegledarordning i fylket.

I Sogn og Fjordane har 18 av kommunane mindre enn to årsverk, og halvparten av kommunane har ikkje fagutdanna biblioteksjef. Det er stort behov for å vidareutvikle samarbeidet mellom kommunane og å styrke kompetansen til dei bibliotektilsette. Faktorar som alderssamsetnad i befolkninga, nye grupper innvandrarar og flyktningar, endringar i skulestrukturen, næringsutvikling og vedtak om kommunesamanslåingar vert avgjerande for planlegging av bibliotekstruktur og -tilbod framover.

Tilråding

Strategisk plan for bibliotekutvikling i Sogn og Fjordane 2011-2014 bør oppdaterast og innarbeidast i Regional plan for kultur.

4.3 Skulebruksplan for vidaregåande opplæring 2013-2024

Vedtak

Skulebruksplanen er vedteken i desember 2012.

Mål

Skulebruksplanen skal vise korleis Sogn og Fjordane fylkeskommune, innanfor framtidige økonomiske rammer, kan organisere ei vidaregåande opplæring med høg kvalitet og utnytte bygg og eigedommar mest mogleg kostnadseffektivt. Planen skal legge eit best mogleg grunnlag for politiske vedtak om framtidig organisering av vidaregåande opplæring (Sak 48/12 - fylkesutvalet 23.05.12).

Vidaregående opplæring er organisert slik at ein tek omsyn til endra økonomiske føresetnader, inkludert behovet for framtidige satsingar, og endringar som følge av den demografiske utviklinga.

Vurdering

Planen er midt i planperioden og gjeld til og med skuleåret 2016-2017. Det er ikkje endra rammeverk, statlege føringer eller liknande som fordrar ny strategi. Dette er ikkje ein strategi å styre etter, det er ein plan for strukturelle forhold (skule og tilbodssstruktur). Vedtak i Sfj2019 om å greie ut tilbodssstrukturen våren 2016 er per januar 2016 utsett av fylkesutvalet.

Elevtalet i framtida og økonomien til fylkeskommunen vil styre i kva grad det er behov for ein ny plan. Fylkesrådmannen styrer sektoren etter måla i målekartet og etter mål- og strategidokumentet for vidaregåande opplæring. Fylkeskommunen har god erfaring med å jobbe etter mål- og strategidokumenta og denne planen er viktig som styringsverktøy. Opplæringssektoren treng ein tverrfagleg tilnærming for å kunne sjå vidaregåande opplæring som ein del av samfunnsplanlegginga i regionen.

Tilråding

Ut frå nye utfordringar for fylkeskommunen i Sfj2019 og behovet for å vurderer planane for vidaregåande opplæring som ein del av samfunnsplanlegginga i regionen, gjennomførast det i 2016 ei tverrfagleg vurdering.



**SOGN OG FJORDANE
FYLKESKOMMUNE**

Fylkeskommunen
Fylkeshuset
Askedalen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 61 00
Telefaks: 57 65 30 20
E-post: postmottak.sentraladm@sfj.no
www.sfj.no

Grafisk formgjeving: Formgiveriet Ann Lisbeth Lesto
Foto framside:
Matias Helgheim / Sogn og Fjordane fylkeskommune